



Silje Karlsen var prest i Guds frie og varme natur

Den årvisse gudstenesta i Guds frie natur på Skorpo sette varmerecord med pluss 33. Men det møtte fram rundt rekna 50 og dei fekk ei tiveleg stund i hagen til Anbjørg Vågen på Søre Skorpevågen før Kristian Bringedal tok med dei som ville ut i naturen. Det meir eksotiske innslaget var også på plass: Ein trio frå Fyllingsdagen som eigentleg er frå Sri Lanka innrømte at heller ikkje dei tivdes så godt i varmen. 2 faste tyske gjestar var også møtt fram denne gongen og dermed vart det ein internasjonal atmosfære.



Vertinna Anbjørg Vågen las tekst

Denne gongen noterte gudstenesta seg også for ein liten rekord: Presten var berre 23! Silje Karlsen frå Kristiansand studerer teologi og har gått skytteltrafikk mellom messene denne sommaren. Ho hadde Peters kjempefangst som tekst denne sundagen og klarte jobben bra. -Peter stolte på ein han ikkje kjende. Gjer du det same, var spørsmålet frå Silje. Ho har 3 år att av studiet.



Midt i fjorden vart gudstenesta avvikla

Som ifjor på same staden var Kristian Bringedal organist på trekkspel - og det passar godt i naturranma. Kyrkjekaffien som enda arrangementet vart servert i skuggen!



Prest og organist i aksjon i det grønne Tekst,

foto og nett: Ola Matti Mathisen



Trio frå Sri Lanka og Fyllingsdalen: Jacintha og Julie David og David Mariyan Pillay